

Fra: Leif Bjørnar Hopland

Til: Liv Gjelsvik; Hilde Marit Reigstad; Monica Alice Svarstad; Linda May Byrkjeland; Ann-Kristin Mathisen; Erik Klausen; Gjøa Ese; Grethe Halland; Gro Hjelvik Jordal; Heidi Elisabeth Sveen Mjøs; Hilde Fjelberg Garstad; Hilde Haugland; Kristin Linn Småland; Marianne Ystebø Mellum; Marit Frøyland Vikelø; Marit Hauge Aasgård; Marit Skeie; Merete Eidsnes Phillips; Nina Elisabeth Håheim; Randi Brekke; Rebekka Nordbustad; Ruth Lyngøy; Sissel Aarhuus; Andreas Austlid Hagen; Anette Irene Myhr; Arve Bjunes; Bodil Mehl Wilk; Eva Kristin Bakke Eknes; Gry Anita Kjellstadli; Idar Rykkje Hopland; Kristin Kolstad Skrämestø; Kåre Jon Lund; Lillian Berentsen; Marianne Marøy Paulsen; Marita Kvalheim; Marius Haugsdal; Monika Taule Vassdal; Ronnauq Tennebø Dieseth; Sonja Kristin Telje; Yngve Vetås; Anita Eidsheim; Annelin Vollset Hillestad; Bjørg Kvamme; Dorthe Nybø Remmie; Eleanor Estrella Feraer Romøren; Grethe Gangsøy; Henrik Vikoren; Jorunn Kristin Tykhelle; Kari H Skotsund Feste; Lisbeth Schellhorn Jacobsen; Mai Kristin Aulie-Lyvdø; Mona Knutsen; Nina Hartvedt; Roselin Husa; Silje Offerdal Rossland; Sissel Aarnes Pihl; Sissel Skånes; Trine Hagen; Wenche Elisabeth Bjørsvik; Wenche Lise Vevang

Kopi:

Emne: Informasjon

Hei!

Onsdag 06.09. gjennomførte eg klassekontaktmøte. 16 frammette, og då var både klassekontaktar og FAU kalla inn.

Klassar som var representert var: 1A, 1B, 2A, 2B, 3A, 3B, 4B, 5A, 6A og 7C.

Dei ventar no at de kallar inn til eit formøte mellom kontaktlærar og klassekontaktar før foreldremøte, og at de brukar årshjulet når de planlegg året saman med dei.

Etter klassekontaktmøte hadde me første FAU-møte for hausten.

Ny leiar er Erlend Nævdal, har er far på 1. trinn.

Nestleiar heldt fram frå året før, det er Lill-Cecilie Bjørndal

Neste torsdag skal eg ha møte mellom gammal og ny leiar for å sikra god overgang.

Tysdag var eg, Monica, Hilde og Linda i møte med Fylkesmannen saman med dei andre skuleleiarane i regionen. Tema var nytt kapittel 9A. Møtet gav oss meir nyttig informasjon om korleis tolka det nye lovverket, og sjølvsagt nokre fleire spørsmål som me må «tygga på».

Aktivitetsplika og dokumentasjon av denne er heilt sentralt. Særleg er Fylkesmannen opptatt av at me informerer elevar og foreldre grundig om det nye regelverket. Og det er de i gang med!

Foreldremøta vert ein viktig arena der de tar dette opp. Sjå og utsendt materiell frå UDIR som de kan bruka når de informerer.

Alle saker der elevane opplever krenking skal meldast rektor. Melding hjå oss er og gjennom inspektørar og SFO-leiar. Men eg må kjenna til dei. Me har rutine på at inspektørar/Linda varslar vidare til meg.

Hugs å informere om retten til å gå rett til Fylkesmannen i saker viss ein ikkje opplever å bli høyr/tatt vare på av skulen.

Det er viktig at me brukar tid på team/trinn og i SFO-møta til å drøfta utfordringar og problemstillingar knytt til 9A-lovverket.

Ei riktig god helg til alle!

Leif



Leif Bjørnar Hopland | rektor Alversund skule

E-post: [leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no](mailto:leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no)

Telefon: +47 56 37 54 63/+47 938 47 109

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)